



Fylkesvegen har setnings-skadar der spillvatn og overvatnsleidningar kryssar

Kommunen har starta arbeidet med prosjektering av nytt VA-anlegg frå sjø og opp mot eksisterande bustader i Halsabrotet då eksisterande anlegg er i svært dårleg forfatning.

Det opplyser konsulent for bustadprosjektet i nedre Halsabrotet Andre Bjørndal i eit brev til Lars Martin Feet. Føremålet med prosjektet er mellom anna å etablera nytt leidningsanlegg for spillvatn og overvatn som erstatning for det gamle anlegget

Planen er og at den nye kommunale leidningen til Øvre Halsabrotet skal gå via byggjefeltet på 122/8, Anlegget som er vist på planar for denne eigedomen skal knytast til det kommunale anlegget.

Feet har vist til ein rapport frå eit røyrleggjarfirma som anbefalte fullstendig oppgraving og utskifting av både spill og overvatnsleidningane. Stakekummane er også av varierende kvalitet og dei fleste av desse må også skiftast, heitte det i rapporten.

Feet meiner det er fullstendig uforsvarleg å knyte på leidningane frå eigedom 122/8 og 123/6 då det ikkje er utført nokon utskifting av røyr eller kummar.

Feet peika også på at fylkesvegen har store setningssskadar der leidningane i dag kryssar vegen

Tekst: Ola Matti Mathisen



[Det har teke lang tid å førebu Nedre Halsabrotet for utbygging](#)